



Spesialpedagogikk



Fleire barn, unge og vaksne står i fare for å bli marginaliserte på grunn av aukande forventningar og krav til individuelle prestasjonar og meistringar. Dette har ført til eit større behov for spesialpedagogisk kompetanse på alle nivå i opplæringsystemet. Slik kompetanse er viktig for å avdekke spesielle behov i opplæringa og for å utvikle opplæringstilbod som er betre tilpassa barn, unge og vaksne som strevar. Det blir lagt stor vekt på inkludering i utdanningsinstitusjonane og i samfunnet elles. Denne kompetansen er viktig både for ordinær opplæring og spesialpedagogiske tilbod.

Studieinnhald

Studiet skal gi studentane brei praktisk, teoretisk og kritisk kunnskap om opplæringa i barnehage og skule, med særskild merksemd retta mot spesialpedagogiske tiltak. Målet er å gi kompetanse i ulike faglege tilnærmingar med særleg vekt på å støtte dei barna og elevane som strevar återferdsmessig og/eller fagleg i opplæringa. Studentane skal også bli vel kjende med dei aktuelle spesialpedagogiske støttesystema. Studiet gir innsikt i institusjonelle, relasjonelle og individuelle utfordringar i opplæringa for å forklare behov for spesialpedagogiske tiltak og i drøfting av slike tiltak. Utgangspunktet er at all opplæring skal ha inkludering som ideal med ein klar og kritisk vitskapleg og forskingsmessig basis. Oversikt over samlingstidspunkt studieåret 2020/20201 finn du her.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er samlingsbasert. Arbeidsmåtene vil veksle mellom førelesingar, arbeid i mindre grupper, feltarbeid, studentseminar og oppgåveskriving. Det er obligatorisk oppmøte til samlingane. Du kan lese meir om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

Aktuelle yrke og vidare studium

Avhengig av forkunnskap og spesialisering, kan dette studiet gi deg • kvalifikasjonar for m.a.: – spesialpedagogiske arbeidsoppgåver i barnehage, grunnskule, vidaregåande skule og andre relevante institusjonar – arbeid i PP-tenesta – arbeid i høgskulesektoren – doktorgradsstudium • lektorkompetanse • høgare fagdidaktisk kompetanse for undervisning i matematikk eller norsk i grunnskule eller vidaregåande skule • auka forskingsbasert kompetanse for pedagogisk arbeid og FoU-aktivitet i

Studiepoeng / lengd: 120 / 4 semester (2 år)

Opptakskrav: Fullført grunnutdanning ved universitet eller høgskule av minimum 180 studiepoeng, innanfor følgjande: Allmennlærerutdanning / grunnskulelærerutdanning. Bestått minimum dei tre første åra av grunnskulelærerutdanninga Førskulelærerutdanning / barnehagelærerutdanning. Faglærer med praktisk-pedagogisk utdanning innan yrkesfag eller allmennfag, faglærer med eigen bachelor eller yrkesfaglærer. Søkjarar med fullført utdanning som barnevernspedagog, vernepleiar eller anna treårig relevant profesjonsutdanning, kan